**Direktoratet for mineralforvaltning**
med Bergmesteren for Svalbard

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 29.11.2021
Vår ref: 21/05415-2
Deres ref:

# Fråsegn til høyring av revisjonsdokument for Ulla-Førre i Suldal kommune, Hjelmeland kommune og Bykle kommune

POST- OG BESØKSADRESSE
Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST post@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard (DMF) viser til ovennevnte sak, datert 5. august 2021.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter energilova..

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

**Om saka**
NVE har sendt revisjonsdokument for reguleringa av Ulla-Førre på offentleg høyring. Bakgrunnen for revisjonen er krav frå Suldal, Hjelmeland og Bykle kommunar og føringar frå NVE har Statkraft utarbeid eit revisjonsdokument som beskriv reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med.

**Fråsegn frå DMF**
Deler av konsesjonsområdet ved Bakkagjottfjorden i Suldal kommune røre ved ein registrert mineralsk førekomst i følgje Norges geologiske undersøkelse (NGU)[1]. Førekomsten består av tunnelmassar og er verdivurdert til å ha liten betyding.

Vi kan også sjå at det er registrert ei gruve ved Mosvatnet i Suldal kommune. Det er i same område registrert ein førekomst av industrimineral som ifølgje NGU ikkje er verdivurdert[2].

---

[1] NGU Eiadalen førekomst:
https://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Omrade_fakta_KS.Main?p_objid=104074&p_spraak=N
[2] NGU Suldal førekomst:
https://aps.ngu.no/pls/oradb/minres_deposit_fakta_NY_KS.Main?p_objid=8012&p_spraak=N

DMF kan ikkje sjå at revisjonsendringa kan få følgjer for bergrettar eller masseuttak i drift. Vi ber om at vassdragsmyndigheitene gjer seg kjent med lokalisering av førekomstane og gruveregistreringa. Det er viktig at førekomstar av ressursar vert teke omsyn til dersom ein ser at endringa i revisjonen vil påverke moglegheitene for uttak av massar i framtida. Vi har derfor ingen ytterlegare merknader tilhøyring av revisjonsdokumenta for Ulla-Førre i Suldal, Hjelmeland og Bykle kommune.

For nærmere informasjon om mineralloven med tilhørende forskrifter, se hjemmesiden vår på www.dirmin.no. Her finner du også vår digitale kartløsning, som er et nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettigheter m.m., supplert med relevante kartdata fra andre etater.

Vennlig hilsen

| | |
|---|---|
| Dragana Beric Skjøstad<br>seksjonssjef | Kristine Stenvik<br>rådgjevar |

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.*
Saksbehandler: Kristine Stenvik

Mottakere:

| | | |
|---|---|---|
| Norges vassdrags- og energidirektorat | Postboks 5091 Majorstua | 0301 OSLO |